



Saksprotokoll

Organ: Fylkesutvalet

Møtedato: 23.05.2012

Sak nr.: 12/3571-6

Internt l.nr. 19040/12

Sak: 62/12

Tittel: Ruteprogram flyruter på kortbanenettet, fråsegn

Behandling:

Hovudutvalet for samferdsle rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

- 1 Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane kan ikkje akseptere av Widerøe bryt krava i anbodet til 4 direkte avgangar mellom Sogndal og Oslo
- 2 Fylkesutvalet ber Widerøe om å finne andre løysingar som sikrar behovet for eit ettermiddagsfly frå Anda lufthamn Sandane. Sandane har frå 1. april kun ein avgang til Oslo på laurdagar. Dette er eit stort tilbakesteg for Nordfjord-regionen. Vi oppmodar Widerøe om å sette opp ruter som gjer det muleg å reise fram og tilbake Sandane-Oslo tur/retur også på laurdagar.
- 3 Avgangane morgon og kveld som går frå Sandane-via Sogndal til Oslo og med returen på kvelden er ofte fulle. Vi ber Widerøe derfor om å opprette fleire ruter som dekker behovet til det auka talet reisande frå Sandane og Sogndal.
- 4 Fylkeskommunen sitt tidlegare krav om eit fast nattstasjonert fly på Haukåsen står ved lag. Sjølv om dette ikkje ligg inne som ein del av anbodskrava frå Samferdsledepartementet, vil fylkesutvalet oppmode Widerøe om å vurdere ei løysing for dette i komande ruteplanperiode. Dette må ikkje bety at det nattstasjonerte flyet på Anda blir teke vekk.
- 5 Fylkesutvalet har ved fleire høve peika på behovet for eit betre rutetilbod med fly frå Bergen til Førde, Sogndal og Sandane på ettermiddag. Rutetilbodet slik det er i dag er ikkje lagt til rette for at folk skal reise med fly frå Bergen til Sogn og Fjordane. Andre reiseformer vert brukte. Fylkesutvalet ber om at Widerøe tek omsyn til dette og set opp eit ettermiddagsfly frå Bergen til Førde, Sogndal og Sandane.

- 6 Fylkesutvalet meiner det er avgjerande at flytilbodet er tilpassa brukarane av flya. Fylkesutvalet krev difor at fylgjande endringar vert gjort på Widerøe sine flygingar til/frå Florø lufthamn, i tråd med innspel frå Flora, Bremanger, Vågsøy og Selje kommunar:
- a. Rute WF123 Florø-Oslo endrast slik at denne ruta startar i Florø kl.07:10 alle yrkedagar slik at ein korresponderar med Kystvegekspressen og dei lokale båttrutene i Flora kommune
 - b. Rute WF 102 flyr direkte t/r Bergen-Florø. Avgang til Bergen bør vere kl.08:15
 - c. Rute WF101 Florø-Bergen endrast slik at denne ruta startar i Florø kl.07:15 alle yrkedagar.
 - d. Avgang WF127 kl.18:00 frå Florø med ankomst Oslo kl.19:05 alle yrkedagar.
 - e. Avgang WF111 kl.18:10 frå Florø med ankomst Bergen kl.18:45 alle yrkedagar.
 - f. Avgang WF117 kl.20:30 frå Florø med ankomst Bergen kl.21:05 alle yrkedagar.
 - g. Avgang WF134 kl.13:00 frå Oslo med ankomst Florø kl.14:05 alle yrkedagar.
- 7 Fylkesutvalet ber Widerøe vurdere eit rutetilbod mellom Florø og Kristiansund, gjerne på kommersiell basis

Endringsframlegg:

Fylkesutvalet sette fram slikt tillegg i punkt 6, andre setning:

Det er viktig at ein også sikrar nok kapasitet for dei selskapa som har helikoptertrafikk til/frå Florø.

Avrøysting:

Tilrådinga frå hovudutvalet i samferdsle med tillegg vart samrøystes vedteken.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

- 1 Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane kan ikkje akseptere av Widerøe bryt krava i anbodet til 4 direkte avgangar mellom Sogndal og Oslo
- 2 Fylkesutvalet ber Widerøe om å finne andre løysingar som sikrar behovet for eit ettermiddagsfly frå Anda lufthamn Sandane. Sandane har frå 1. april kun ein avgang til Oslo på laurdagar. Dette er eit stort tilbakesteg for Nordfjord-regionen. Vi oppmodar Widerøe om å sette opp ruter som gjer det muleg å reise fram og tilbake Sandane-Oslo tur/retur også på laurdagar.
- 3 Avgangane morgon og kveld som går frå Sandane-via Sogndal til Oslo og med returen på kvelden er ofte fulle. Vi ber Widerøe derfor om å opprette fleire ruter som dekkjer behovet til det auka talet reisande frå Sandane og Sogndal.
- 4 Fylkeskommunen sitt tidlegare krav om eit fast nattstasjonert fly på Haukåsen står ved lag. Sjølv om dette ikkje ligg inne som ein del av anbodskrava frå Samferdsledepartementet, vil fylkesutvalet oppmode Widerøe om å vurdere ei løysing for

dette i komande ruteplanperiode. Dette må ikkje bety at det nattstasjonerte flyet på Anda blir teke vekk.

- 5 Fylkesutvalet har ved fleire høve peika på behovet for eit betre rutetilbod med fly frå Bergen til Førde, Sogndal og Sandane på ettermiddag. Rutetilbodet slik det er i dag er ikkje lagt til rette for at folk skal reise med fly frå Bergen til Sogn og Fjordane. Andre reiseformer vert brukte. Fylkesutvalet ber om at Widerøe tek omsyn til dette og set opp eit ettermiddagsfly frå Bergen til Førde, Sogndal og Sandane.
- 6 Fylkesutvalet meiner det er avgjerande at flytilbodet er tilpassa brukarane av flya. Det er viktig at ein også sikrar nok kapasitet for dei selskapa som har helikoptertrafikk til/frå Florø. Fylkesutvalet krev difor at fylgjande endringar vert gjort på Widerøe sine flygingar til/frå Florø lufthamn, i tråd med innspel frå Flora, Bremanger, Vågsøy og Selje kommunar:
 - h. Rute WF123 Florø-Oslo endrast slik at denne ruta startar i Florø kl.07:10 alle yrkedagar slik at ein korresponderar med Kystvegekspressen og dei lokale båttrutene i Flora kommune
 - i. Rute WF 102 flyr direkte t/r Bergen-Florø. Avgang til Bergen bør vere kl.08:15
 - j. Rute WF101 Florø-Bergen endrast slik at denne ruta startar i Florø kl.07:15 alle yrkedagar.
 - k. Avgang WF127 kl.18:00 frå Florø med ankomst Oslo kl.19:05 alle yrkedagar.
 - l. Avgang WF111 kl.18:10 frå Florø med ankomst Bergen kl.18:45 alle yrkedagar.
 - m. Avgang WF117 kl.20:30 frå Florø med ankomst Bergen kl.21:05 alle yrkedagar.
 - n. Avgang WF134 kl.13:00 frå Oslo med ankomst Florø kl.14:05 alle yrkedagar.
- 7 Fylkesutvalet ber Widerøe vurdere eit rutetilbod mellom Florø og Kristiansund, gjerne på kommersiell basis